



Eva Myklebust var ein av "seniorane" som røysta tidleg måndag. Til høgre "urnevakt" Bjørgulv Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For fire år sidan hamna Uskedalen på jumboplassen i valdeltaking i Kvinnherad. Etter to timars val måndag hadde 60 uskedelingar røysta – like mange som hadde røysta på førehand. Desse tala gav voner om at godt meir enn halvparten av dei 765 i Uskedalen (400 menn og 365 kvinner) som kan røysta ved dette valet verkeleg gjer det.

Dette året sit Åse Myklebust Neset, Bjørgulv Eik, Jostein Grov og Olaug Åsen i røystestyret og ikkje minst leiar og lærar Åse gjorde ein stor pedagogisk innsats med å rettleia veljarane i Aktivitetshuset. Det var andre gongen dette vart nytta til val og det viste seg også no som svært velegna til føremålet.. Valet går føre seg i "sjøenden" – med eigen inngong og på nylakka golv!



Røystestyret blir leia av Åse Myklebust Neset (til høgre) medan dei andre er Bjørgulv Eik, Jostein Grov og Olaug Åsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ellers stiller val-leiinga i Kvinnherad store krav til mannska, ettersom heile stemmestyret må gjera teneste i alle dei åtte timane valet varer. Andre stader i landet har dei større mannskap og køyrer på skift. Men for at ikkje jobben skulle vera altfor einsidig skifta dei funksjon frå tid til annan. Til dømes avløyste Jostein Bjørgulv som stempelforvaltar!

Nærleiken til skulen vart naturleg nok utnytta til pedagogisk innsats. Tre klassar – tredje, fjerde og femte - var innom dei to første timane og fekk læra korleis eit valg går føre seg. Ein av klassane var Åses "eigen" og det var eit høgdepunkt då ho sjølv la røysta si i urna framfor elevane!



Else Pile røystar i Aktivitetshuset
måndag føremiddag. (Foto: Ola Matti
Mathisen)

Lokalvala i Noreg har vorte atskillig enklare både for valarbeidarane og veljarane etterkvart. Til dømes er det ikkje lov å stryke kandidater lenger. Likevel er det klart at ikkje alle veljarar er like godt orienterte om korleis det skal gå føre seg.

Ei anna erfaring som uskedalen.no gjorde då vi var fluge på veggjen i valstarten var at forbausande mange ikkje røysta i fylkestingsvalet. Ei tredje erfaring var at valet var meir høgtidsstemt tidlegare, ikkje minst ved opninga. Då skulle det kunngjerast muntleg at no var handlinga starta. No går dei rett på sak
Det einaste som ber bod om tradisjon ved dette valet i Uskedalen er urna frå 1903 som framleis gjer teneste.

Naturleg nok var det pensjonistane som dominerte ved valstarten. Men at ikkje ein einaste av dei 45 førstegongsveljarane (som har kome til etter siste kommuneval) møtte fram dei første to timane var noko overraskande. Truleg kjem dei sterkare utover ettermiddagen.

Av Ola Matti Mathisen



Tredjeklassa blir orientert om korleis eit val går føre seg. (Foto: Ola Matti Mathisen)